

Saksbehandlar: Eileen Selland**Kommunedirektør:** Åsmund Andersen Sekse

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/25	Hovudutval	15.10.2025
	Kommunestyre	

Uttale til høyring av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre vedtek å gi uttale til planprogrammet for regional plan for verdiskaping og kompetanse på dei tema som er omtalt i saksframlegget.

Hovudutval 15.10.2025

Behandling:

HOV - 043/25 Vedtak:

Tilråding frå Hovudutval

Samrøystes

Kommunestyre vedtek å gi uttale til planprogrammet for regional plan for verdiskaping og kompetanse på dei tema som er omtalt i saksframlegget.

Saksutgreiing

Samandrag

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med ny, regional plan for verdiskaping og kompetanse. Planen er tverrsektoriell og skal erstatte fleire eksisterande regionale planar og temaplanar. Planprogrammet til planen ligg no ute på høyring med frist 10. oktober for å gi uttale. Det er søkt om å få utsett frist.

Bakgrunn for saka

Planprogrammet er ei «oppskrift» for korleis vi skal jobbe ut dei nye planane. Her foreslår vi kva føremålet den nye planen skal ha, kva tema den skal omfatte, tidsplan, prosess og korleis vi skal sike medverking.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland.

Planarbeidet heng tett saman med det parallelle planarbeidet for ny regional plan for areal og mobilitet. Medan Regional plan for areal og mobilitet omfattar den fysiske utviklinga og

infrastrukturen i Vestland, skal Regional plan for verdiskaping og kompetanse gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for andre strukturar og fasilitetar som gir grunnlag for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland.

Saks- og faktaopplysningar

Planen skal:

- gi rammer og føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet.
- vise korleis verdiskaping og kompetanse kan bidra til å nå måla i [Utviklingsplan for Vestland 2024–2028](#).
- sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Fylkeskommunen foreslår at planen skal omfatte to hovudtema, med to deltema: Omstilling og konkurransekraft, og kompetanse og inkludering.

Omstilling og konkurransekraft

- Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar
- Sirkulærøkonomi
- Innovasjonssystemet

Kompetanse og inkludering

- Breitt og fleksibelt kompetansetilbod
- Gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet
- Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv

Planprogrammet ligg i sin heilskap som vedlegg.

Vurdering

Omstilling og konkurransekraft

Planen skal legge vekt på å utvikle nye og framtidsretta verdikjeder, og at barrierar som flaskehalsar i teknologi, kompetanse og samarbeid må løysast. Økt satsing på digital infrastruktur og kompetanseheving innan digitalisering, kunstig intelligens og teknologiinnovasjon er viktige løft for å skape ny verdi i næringane.

Mange verksemdar i Etne kommune er knytt til lokal marknad, entreprenørverksemd og servicefunksjonar. Strategiar må byggje på samspel mellom regionale satsingar og lokalt næringsliv.

Etne kommune har over tid hatt ein negativ folketalsutvikling. Dette er ei utfordring både for arbeidsmarknaden, tenestetilbodet og berekrafta i lokalsamfunna. Planen bør difor vektleggje tiltak som styrkjer tilflytting, rekruttering av arbeidskraft og integrering av nye innbyggjarar. Etne kommune sitt arbeid med tilflyttartenesta «MittEtne» er eit døme på korleis ein aktivt kan marknadsføre bu- og arbeidsmoglegheiter i mindre kommunar. Slike lokale initiativ må gjerne lyftast inn i ein regional strategi for å snu den negative demografiske trenden som fleire distriktskommunar opplev no.

Kompetanse og inkludering

Etne kommune meiner at den regionale planen må ta utgangspunkt i at heile Vestland står i ein rask omstilling, og at både næringsliv og offentleg sektor treng tilgang på rett kompetanse for å kunne utvikle seg vidare. For Etne kommune er dette særleg viktig, då kommunen over tid har hatt negativ folketalsutvikling og ein arbeidsmarknad som er sårbar for endringar.

Frivillige lag og organisasjonar er viktige arenaer for læring, inkludering og fellesskap. Dette er særleg relevant i mindre lokalsamfunn som finst i Etne kommune, der frivillig aktivitet har stor verdi både for integrering og for å motverke einsemd og ungt utanforskap.

Det må vere plass til alle i arbeids- og samfunnsliv, og her er samarbeid mellom offentleg sektor, næringsliv og frivillige organisasjonar avgjerande.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Det faktiske innhaldet til den påstarta regionalplanen for verdiskaping og kompetanse kjem fyrst ved høyring av sjølve planen. I planprogrammet er det teke opp to tema som planen skal ha fokus på, og planen skal erstatte fleire eksisterande planar og temaplanar. Det vert føreslått at Etne kommune gir ein høyringsuttale til planprogrammet i fyrste omgong.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova

Vedlegg:

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse